



Adresseliste grunneigarar

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjon om kartlegging av "kalkskog" i Rogaland 2015

Miljødirektoratet skal gjere ei naturfagleg kartlegging av kalkskog og annan særleg rik skog. Du får dette brevet fordi du er grunneigar i eit eller fleire av områda som er plukka ut for undersøking.

Det er uvisst om det finst kalkskog i eigentleg meining i Rogaland. Det er lite kalkrikt fjell og høg nedbør gjer at jorda mange stader blir utvaska. Men det er likevel stader der ein kombinasjon av berggrunn, jordtype, godt lokalklima og vegetasjonen utviklar særleg frodig, god moldjord.

Me har brukt bergrunnskart, flyfoto, miljøregistreringar i skogbruket (MIS) og utbreiinga av planter som krev særleg god jord som grunnlag. Me har lagt vekt på utbreiinga til 45 artar som me oppfatar som klart meir krevjande enn alm, lind, ask og lågurtartar som markjordbær og hengeaks. Desse er etter vår erfaring knytte til god moldjord med god struktur og har eit tyngdepunkt i skog.

Mange slike leveområde, m.a. med haustingsskog av ask og alm (kydlestuvar) er alt kartlagt. Fylkesmannen i Rogaland har utarbeidd ei liste over 13 område i fylket der me trur det er mogleg å finna slik skog, men der kunnskapen er mangelfull. Kjende grunneigarar (sjå vedlegg) blir tilskrivne. I eit fylke med så mykje surt grunnfjell og sterk utvasking av jorda er det særleg viktig å få betre kunnskap om slike skogar. Den lause brunjorda med meitemakk og store jordlevande insekt har eit heilt anna liv for alle organismegrupper enn dei tjukke råhumusmattene med podsolprofil som dominerer i bar- og bjørkeskogar.

Vern etter naturmangfaldlova kan vere aktuelt for større lokalitetar eller der fleire lokalitetar ligg såpass tett at dei kan knytast saman. Dette blir berre gjennomført som frivillig vern gjennom skogeigarsamvirket (Vestskog BA). Elles er mange slike rike skogar så små at vern er mindre eigna. Men naturtypen er ein aktuell kandidat til å få status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova.

Det må understrekast at det ikkje er snakk om nokon ny- eller utvida verneplan. Men dersom det blir registrert høge naturverdiar i eit område, kan grunneigar sjølv, om han eller ho ønskjer det, legge heile eller delar av området fram som forslag til frivillig vern. Det finst òg gode ordningar for å hjelpe skogeigaren i forvaltninga av verdifulle areal som ikkje er verna, jf. MiS-figurar (Miljøregistreringer i skog – skogbruket sitt eige system for registrering og kartfesting av biologisk særleg verdifulle areal). Her kan Vestskog BA og Fylkesmannen vere til hjelp, om ønskjeleg.

I 2015 blir det kartlagt i fylka Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Rogaland, Aust-Agder, Vest-Agder og Telemark. Kartlegginga er eit supplement til den kartlegginga som alt er gjort, m.a. gjennom den kommunevise kartlegginga av naturtypar.

Feltregistreringane blir utførte av konsulentfirmaet Miljøfaglig Utredning AS. Av praktiske årsaker kan ein dessverre ikkje varsle kvar enkelt grunneigar under feltarbeidet, men alle vil få tilsendt resultatata frå registreringane når desse ligg føre, truleg i løpet av 2016.

Vi har ikkje teke med alle små hytteeigendomar i utkanten av områda eller festetomter i denne omgangen i vedlagt liste. Denne kan og ha andre manglar i forhold til kven som har eigar- og brukarrettar i dei aktuelle områda. Finn de feil eller andre manglar enn dei nemnte i vedlagte liste over grunneigarar, ønskjer vi melding om dette, gjerne pr. e-post. I nokre område der skogen eller grunnen ligg i sameige, har vi ikkje fullstendig oversyn over alle grunneigarar, men oftast vil eigarar av tilgrensande eigedommar som mottek dette brevet, også vere med i sameiget.

Eventuelle spørsmål om kartlegginga kan rettast til Fylkesmannen ved Audun Steinnes, telefon 51 56 89 12, mobil 92807901 eller e-post fmrosas@fylkesmannen.no. Spørsmål om ordninga med frivillig vern kan rettast til Vestskog BA.

Med helsing

Anita Bjørsvik
fung. ass. fylkesmiljøvernssjef

Audun Steinnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Audun Steinnes
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 12
E-post: fmrosas@fylkesmannen.no

Vedlegg:

1. Kart
2. Grunneigarliste

Kopi til:

Vestskog BA

Miljøfaglig Utredning AS

Vindafjord kommune

Tysvær kommune

Hå kommune

Miljødirektoratet

Suldal kommune

Rådhuset

Postboks 94

Postboks 24

Postboks 5672 Sluppen

Eidsvegen 7

5580

5575

4368

7485

4230

Ølen

Aksdal

Varhaug

TRONDHEIM

Sand